

Forklaring til faktura for kommunale avgifter

Er postane på faktura du har fått frå Voss kommune vanskelege å forstå? Her skal vi prøva å hjelpa deg. På rekninga er det éin post (linje med tekst og tall) for kvart gebyr du betalar:



LEIGE VASSMÅLAR	1,00	FAST	240,00	1/1	010116-311216	240,00*
1-----	2-----	3-----	4-----			

Eksemplet visar 1) type gebyr/skatt, 2) grunnlaget for terminbeløpet, 3) perioden posten gjeld for og 4) terminbeløpet utan mva.

Forklaring på dei enkelte postane

- Vanlege fakturapostar
- Fakturapostar for deg som har vassmålar

Faktura postar

Her er postane på den motteken fakturaen som dei fleste vil kjenne igjen:

ABONNEMENTSGBEYR VAT	1,00	STK	627,08	1/1	010116-300416	209,03*
FORBRUKSGBEYR VATN(S	122,70	KBM	15,91	1/1	010116-300416	650,72*
ABONNEMENTSGBEYR AVL	1,00	STK	837,07	1/1	010116-300416	279,02*
FORBRUKSGBEYR AVLØP	122,70	KBM	21,65	1/1	010116-300416	885,48*
BRANN-/ FEIETILSYN	2,00	PIPE	457,00	1/1	010116-300416	304,67*
EIGEDOMSSKATT BUSTAD	1 146 000,00	PROM	2,60	1/1	010116-300416	993,00
25% MVA AV KR. 2.328,92 (MERKET *) 582,24						

NB: Eksempelet er frå 2016. Kva type satsar som gjeld til kvar tid kan du sjå her [Prisliste 2018.pdf](#)

ABONNEMENTSGBEYR VATN/AVLØP er den faste delen av gebyret som vert fakturert for kvar bueining. Dette betaler du uavhengig av kor mykje vatn du brukar. Denne eigedomen har ei bueining og betalar dermed for eit stk. abonnementsgebyr.

FORBRUKSGBEYR VATN (STIPULERT) tyder berekna vassforbruk. Dei som ikkje har ein vassmålar som kan måle kor mykje vatn som vert brukt, betalar for eit stipulert forbruk. Grunnlaget for det stipulerte forbruket er bruksarealet på bustaden x 1,04. I eksempelet er bustaden på 118 kvadratmeter (118m²), så i dette tilfellet vert forbruket 122,7 kubikkmeter(kbm) vatn. Satsen for forbruksgebyr vatn er for 2016 kr 15,91 utan mva. pr. kubikkmeter vatn. Sidan årsgebyret vert delt på tre terminar, vert det fakturert for ein tredjedel på denne fakturaen.

FORBRUKSGBEYR AVLØP (STIPULERT) vert rekna ut på same måte som stipulert vatn (sjå over), men med ein sats for 2016 på kr 21,65 utan mva pr. kubikkmeter vatn.

BRANN- OG FEIETILSYN vert fakturert etter ein sats pr. pipeløp.

EIGEDOMSSKATT: Eksempelet viser at i 2016 vert det betalt 2,6 promille (prom.) av eit grunnlag på 1 146 000 kroner.

Avgifter for brann- og feietilsyn, vatn og avløp/septik vert tillagt 25 % meirverdiavgift (mva.). På eigedomsskatt er det ikkje mva. Årsavgiftene vert delt på 3 like terminar.



Fakturaposter med vassmåler

Du som har vassmålar i huset har fått faktura med ein post for leige av vassmålar og nokon postar som har med vassforbruket ditt å gjera:

LEIGE VASSMÅLAR	1,00	FAST	240,00	1/1	010116-311216	240,00*
ABONNEMENTSGBEYR VAT	2,00	STK	627,08	1/1	010116-300416	418,05*
FORBRUKSGBEYR VATN	113,00	KBM	15,91	1/1	010115-311215	1797,83*
ABONNEMENTSGBEYR AVL	2,00	STK	837,07	1/1	010116-300416	558,05*
FORBRUKSGBEYR AVLØP	113,00	KBM	21,65	1/1	010115-311215	2446,45*
NY A KTO VATN	113,00	KBM	15,91	1/1	010116-300416	599,28*
NY A KTO AVLØP	113,00	KBM	21,65	1/1	010116-300416	815,48*
INNBETALT A KTO VATN	-120,00	KBM	15,91	1/1	010115-311215	-1909,20*
INNBETALT A KTO AVLØP	-120,00	KBM	21,65	1/1	010115-311215	-2598,00*
BRANN-/ FEIETILSYN	1,00	PIPE	457,00	1/1	010116-300416	152,33*
EIGEDOMSSKATT BUSTAD	1 955 000,00	PROM	2,60	1/1	010116-300416	1694,33

25% MVA AV KR. 2.520,27 (MERKET *) 630,06

NB: Eksempelet er frå 2016. Kva type satsar som gjeld til kvar tid kan du sjå her [Prisliste for kommunale avgifter 2016](#)

ABONNEMENTSGBEYR VATN OG AVLØP er lik for dei som ikkje har vassmålar, sjå ovanfor.

VASSMÅLAR LEIGE visar det du betaler i årleg leige for vassmålaren. Det er kommunen som eig målaren. Eksempelet viser at det vert betalt for éin målar og leige pr. år er 240 kroner utan mva. Beløpet vert berre fakturert på termin 1 kvart år.

GBEYRET FOR FORBRUK AV VATN OG AVLØP er på fakturaen for 1. termin delt i 3 ulike postar. Dette på grunn av at ved 1. termin er det «oppgjør» av vassmålaren, etter forbruket som vart målt ved nyttår – forbruket i 2015 og det du har betalt i forbruk i 2015.

DESSE 3 POSTANE KAN FORKLARAST SLIK:

FORBRUKSGBEYR VATN/AVLØP er avgift etter målt forbruk for 2015, 113 kubikkmeter(kbm).

INNBETALT AKONTO VATN/AVLØP er den forbruksavgifta som du har betalt i 2015, 120 kbm. (120 kbm er forbruket for 2014.) Denne går i minus mot det du har brukt(113 kbm). Altså her er det brukt 7 kbm mindre i fjor enn det er betalt for.

NY A KONTO VATN/AVLØP viser avgifta berekna at du vil bruke i år, etter grunnlag av målt forbruk for 2015, 113 kbm. På dei 2 andre terminane i år vil det vera dette som skal betalast i forbruksavgift.